



Hordaland Fylkeskommune  
v/Endre Korsøyen

Referansar:  
Dykkar:  
Vår: 19/1052 - 19/12294

Saksbehandlar:  
Rolf Raknes  
rolf.raknes@radoy.kommune.no

Dato:  
28.08.2019

## Lerøy Vest AS - auka areal i anlegg for oppdrett av matfisk av laks og aure på Stolane - lokalitet 11649 -handsaming og retur etter høyring

Lerøy Vest AS sin søknad om auka areal i anlegg for oppdrett av matfisk av laks og aure på lokalitet 11649 Stolane i Radøy kommune har vore lagt ut til offentleg høyring og ettersyn i perioden 25/5-19 til 25/6-19. Det kom inn ein merknad til søknaden, som ligg vedlagt.

Fiskarlaget sin merknad peikar på fleire tema omkring «bit-for-bit» endringar som er ei bekymring i høve til ureining og fiskeri. «Men Fiskarlaget Vest finn ikkje å gå imot endringa, men ber om at ankra mot land blir bolta (ikkje T-boltar som fiskereiskap kan hefte i) eit stykke frå land, slik at ein eventuelt kan fiske leppefisk i strandsona . Ankra i dei andre retningane må og kortast ned mest mogeleg. Ein må vurdere om ein kan nytta boltar (ikkje T-boltar) der også for å redusere beslaglagt sjområde. Boltar, anker, kjettingar o.l. som ikkje skal nyttast lenger må ryddast opp straks.»

Radøy kommune skal vurdere søknaden i høve til vedteken arealbruk i gjeldande kommuneplan. Kommuneplanen (KPA) vart revidert med nytt vedtak 20/6-19. Arealbruken i området er ikkje endra , men det er innført nye føresegner for naturområda i sjø som tillet forankring. Akvakulturområdet (AK) er som før.



Her er situasjonen vist med flyfoto og KDP over (transparent)

Radøy kommune som planmynde kan ikkje sjå at omsøkt endring går ut over det som er planlagt i gjeldande KPA. Ny plassering og forankring anlegget vil framleis vera i samsvar med KPA.

Med helsing

Silje Haukedal  
konst. leiar teknisk forvaltning

Rolf Raknes  
arealplanleggjar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

Scanned from a Xerox Multifunction Printer

**Mottakarar:**

Hordaland Fylkeskommune  
Hordaland Fylkeskommune  
Lerøy AS

Postboks 7900

5020

BERGEN